



# Handlingsplan for forebygging av sjølv mord



**Bjørnafjorden kommune  
2022 – 2025**

## Innholdsfortegnelse

Forord .....	3
God helse og livskvalitet for alle i berekraftige lokalsamfunn i Bjørnafjorden.....	4
Innleiing – Kvifor treng vi handlingsplan? .....	4
Kva inneheld handlingsplanen? .....	5
Førekomst – nasjonale og lokale tal.....	6
Lokale tal .....	6
Nasjonale tal .....	6
Eldre og sjølv mord.....	7
ABC for betre psykisk helse i heile befolkninga.....	8
Eksisterande tiltak og nye tiltak .....	9
Mål 1: Systematikk og heilheit i det sjølv mordsførebyggande arbeidet.....	9
Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølv mord.....	10
Interkommunalt prosjekt «Aldri Alene» .....	11
Mål 3: Avgrensa tilgang til metode for sjølv mord, relatert til Bjørnafjorden kommune .....	12
Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølv mordsrisiko .....	13
Risikofaktorar .....	14
Miljørisikofaktorar:.....	14
Sjølv mordsåtferd i ulike deler av befolkninga.....	14
Recovery-orienterte tenester.....	16
Tverrfagleg spesialisert behandling (TSB) og Psykisk helsevern .....	16
Mål 5: Umiddelbar og langvarig oppfølging av etterlatne etter sjølv mord .....	17
Mål 6: Betre førekomsttall, auka forskning, kunnskap og kompetanse om sjølv mordsførebygging .....	18
Økonomiske vurderingar .....	19
Tabell med oversikt over eksisterande og nye tiltak .....	20
Nettressursar - sjølv mordsforskning og sjølv mordsførebygging:.....	29
Referansar: .....	30

## Forord

Kommunestyret vedtok 15. desember 2020 i kommunal planstrategi for Bjørnafjorden 2020-2024 (k-sak 174/2020) at kommunen skal ha ein handlingsplan for førebygging av sjølv mord og oppfølging av pårørande.

Den kommunale planstrategien og samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune (som er under arbeid) legg strategiske føringar for resten av planarbeidet vårt. Sektorplanane for helse- og velferd, for oppvekst og for kultur skal utdjupa overordna mål og strategiar på sine respektive område, og så skal handlingsplanar for konkrete utfordringsområde kome med faglege og kunnskapsbaserte tiltak som kommunen skal sette ut i livet.

Dette er ein slik handlingsplan. Arbeidet starta i 2021, og planen skal gjelde for ein fireårsperiode til og med 2025. Planen er sektorovergripande. Prosjektleiarsvaret vart lagt til Helse og Velferd, medan arbeidsgruppa har vore tverrfagleg samansett.

Handlingsplanen skal bidra til systematikk og heilskap i det eksisterande sjølv mordsførebyggjande arbeidet og peike på kva konkrete nye tiltak Bjørnafjorden kommunen skal prioritere for å kunne fange opp tidleg nok medmenneske som slit med sjølv mordstankar.

Planen skal også medverke til kompetanseheving for tilsette og bidra til god og nøktern informasjon til befolkninga om sjølv mord og sjølv mordsførebygging om kva som kan bidra til at ingen veljar å forlate livet, men heller veljar livet som løysing.

Planen er såleis eit verktøy for å styrke og samordne den kommunale innsatsen og auke forståinga for kva kvar og ein kan gjere for å ta vare på eiga og andre si psykiske helse slik at vi saman kan skape eit godt og berekraftig lokalsamfunn i Bjørnafjorden kommune.

Monica Totland Melvold

Kommunalsjef Helse og Velferd

Line Rye

Kommunalsjef Oppvekst

# God helse og livskvalitet for alle i berekraftige lokalsamfunn i Bjørnafjorden

Samfunnsoppdraget til Bjørnafjorden kommune er definert som «Det gode liv for alle», og i visjonen vår står det at vi skal vere eit raust lokalsamfunn. «Vi er inkluderande» og «Vi lyttar med respekt» er to av verdiane våre, som begge er svært relevante for denne planen.

Oppdraget vårt frå nasjonalt hald er at vi skal planlegge for trygge og berekraftige lokalsamfunn. Vi må prøve å løyse oppgåvene våre på ein slik måte at vi både styrker sosiale forhold – slik at ingen «fell utanfor» – og held oss innanfor jorda si tolegrense og økonomisk fornuftige løysingar.

FN sine berekraftsmål er til hjelp i dette arbeidet. I Bjørnafjorden kommune har vi vald å ha ekstra fokus på m.a. mål 11: Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn, mål 3: God helse og livskvalitet for alle, og mål 17: Samarbeid for å nå måla. Desse tre er svært relevante for denne handlingsplanen.



Andre viktig mål og delmål for å førebygga sjølv mord er mål 1: Utrydda alle former for fattigdom, mål 8: Anstendig arbeid for alle, og mål 10: Redusera ulikskap, og i tillegg delmåla 3.4: Fremja mental helse og livskvalitet, 3.5: Styrka førebygging og behandling av misbruk (narkotiske stoff/alkohol), 3.8: Allmenn tilgang til grunnleggande og gode helsetenester, 10.2: Fremja inkludering (sosialt og økonomisk), 10.3: Sikra like moglegheiter og redusera forskjellsbehandling, og 11.1: Allmenn tilgang til tilfredsstillande og trygg bustad og grunnleggande tenester.

## Innleiing – Kvifor treng vi handlingsplan?

Regjeringa sin handlingsplan for førebygging av sjølv mord, har undertittelen – Ingen å miste.<sup>1</sup>

Kvart einaste sjølv mord er ein tragedie for den det gjeld, for familie og vener, og for lokalsamfunnet i Bjørnafjorden kommune. Den nasjonale handlingsplanen har nullvisjon for sjølv mord i Norge, og legg til grunn eit verdisyn om at vi som samfunn, ikkje har nokon å miste i sjølv mord. Nullvisjonen skal bidra til at vi må arbeide meir kunnskapsbasert, systematisk og heilskapleg, for å nå målet om å førebygge og redusere tal sjølv mord.

Denne handlingsplanen skal peike på kva vi kan gjere for å førebygge, slik at kommunen vår blir ein god stad å leve for alle, også når livet er vanskeleg og buttar imot. Når livet er tungt og mørkt håpar vi ingen velje å forlate livet, men heller velje livet som løysing.

For å kunne fange opp medmenneske som slit med sjølv mordstankar tidleg nok, krev det at vi alle viser kvarandre omsorg og har mot nok til seie i frå, tilby hjelp og setje ord på bekymring når nokon signalliserar at dei slit med sjølv mordstankar. Den viktigaste sjølv mordsførebygginga skjer i lokalsamfunnet der vi bur, i kommunane, og ikkje berre gjennom førebyggingstiltak i helse- og omsorgstenestene. Sjølv mordsførebygging er derfor eit felles ansvar både for samfunnet og for dei ulike hjelpetenestene.<sup>2</sup>

<sup>1</sup> [regjeringens-handlingsplan-for-forebygging-av-selv-mord-2020-2025.pdf](#)

<sup>2</sup> [Selvmordsforebygging bør sees i et folkehelseperspektiv! - NAPHA Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid](#)

Handlingsplanen skal peike på kva konkrete førebyggings tiltak Bjørnafjorden kommune skal satse på, og tiltaka skal vere kunnskapsbaserte, etter kva forskinga viser har best effekt på mental sunnheit og god folkehelse. Vi vil at Bjørnafjorden skal vera eit godt og inkluderande lokalsamfunn, noko som vil bidra til å redusere sjølvordsfare blant innbygarane våre.


## Kva inneheld handlingsplanen?

Regjeringa sin nylege framlagde handlingsplan for førebygging av sjølvord 2020 – 2025 skal vere førande for dei tiltaka kommunen prioriterer. I likheit med regjeringa sin handlingsplan, er også Bjørnafjorden kommune sin handlingsplan for sjølvordsførebyggjande tiltak inndelt etter desse måla:

- Mål 1: Systematikk og heilheit i det sjølvordsførebyggjande arbeidet
- Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølvord
- Mål 3: Avgrensa tilgang til metode for sjølvord
- Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølvordsrisiko
- Mål 5: Umiddelbar og langvarig oppfølging av etterlatne etter sjølvord
- Mål 6: Betre førekomsttal, auka forskning, kunnskap og kompetanse om sjølvordsførebygging

Bjørnafjorden kommunen skal også i samband med utarbeiding og oppfølging av planen, opprette samarbeid og faste møtepunkt med aktuelle kompetansesenter, brukarorganisasjonar, pårørande og etterlatne.

Handlingsplanen syner til seks mål for sjølvordsførebyggjande tiltak. I planen vil eksisterande tiltak bli presentert i «grøne bokser» og nye tiltak i «gule bokser». Ved å følgje koplingar vil du kome direkte til informasjon om dei ulike tiltaka, kven som er ansvarleg og tidsperspektiv. Dette vert og oppsummert i tabell nedst i handlingsplanen. Du kan navigere tilbake til sjølve planen ved å følgje kopling i overskrifta på tabellen.



## Førekost – nasjonale og lokale tal

### Lokale tal

Grafen nedanfor viser samla tal sjølvord i tidlegare Os og Fusa kommunar og Bjørnafjorden kommune for 2020. Perioden er frå 1996 – 2020<sup>3</sup>.



Grafen viser tal sjølvord i tidlegare kommunane Os og Fusa og Bjørnafjorden kommune for 2020 i perioden 1996 – 2020.

### Nasjonale tal

#### Sjølvord

Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer sjølvord som ei aktiv, villa handling som fører til døden (Nasjonalt senter for selvmordsforskning og – forebygging, NSSF).

Bekymring for negative konsekvensar for mental helse som følge av nedstenginga av samfunnet og sosial isolering under pandemien har fått stor merksemd i media, i befolkninga og blant fagfolk. Mange har frykta at sjølvordstala skulle auke i 2020. Dødsårsaksstatistikken viser ikkje teikn til økt førekost av sjølvord under pandemien.

Tal over sjølvord i Norge vert publisert av Dødsårsaksregisteret (DÅR) ved Folkehelseinstituttet (FHI). Siste publiserte statistikk (10. juni 2021) for 2020 viser at sjølvord og villa eigenskade var underliggende dødsårsak for 639 personar i 2020. <sup>4</sup> I 2019 var talet 652 og 674 i 2018. Totalt tilsvarar dette 12,1 tilfelle per 100.000 innbyggjarar (i 2020, aldersstandardisert rate). Av desse var 467 (73 %) menn.


<sup>3</sup>Dødsårsaksregisteret (DÅR)

<sup>4</sup> Dødsårsaksregisteret (DÅR)

Sjølvmord utgjorde 1,6 prosent av alle registrerte dødsårsaker i Norge i 2020. Eit sjølvmord rårar gjennomsnittleg 10 nærstående personar.

Personar yngre enn 20 år stod for 5,6 prosent av sjølvorda, medan andelen for personar 70 år og eldre var 14 prosent. Blant personar 20–29 år, var sjølvmord underliggende dødsårsak i 101 tilfelle, dette utgjorde 36 prosent av dødsfalla i denne aldersgruppa.

FHI sin figur nedanfor viser korleis dødsfalla er fordelte på kjønn og alder:



Internasjonal forskning viser vidare at dei viktigaste risikofaktorane for sjølvmord er tidlegare sjølvmordsforsøk og psykiske lidingar som til dømes depresjon. Sjølvmord kan førebyggast, og sjølvmordsforebyggande tiltak nyttar. Sjølvmordsførebygging skjer på både individ- og samfunnsnivå.<sup>5</sup>

### Eldre og sjølvmord

Sjølvmord er eit folkehelseproblem også i den eldre del av befolkninga. Sjølvmord har dei siste åra blitt ein del av den offentlege samtalen kring folkehelse, men i slike samanhengar handlar det sjeldan om eldre. Sjølvmord blant eldre er såleis eit underkommunisert problem, det er for er lite kunnskap om problemet også blant helsepersonell og det gjer at mange eldre ikkje får hjelpa dei treng.<sup>6</sup>

<sup>5</sup> [nssf fakta-om-selvmordsforebygging\\_web.pdf \(uio.no\)](#)

<sup>6</sup> Eldre og selvmord (Kjølseth, Ildri - 2014)

Dødsårsaksregisteret opplyser i eigen artikkel om sjølv mord under pandemien<sup>7</sup> at relativ auke i tal sjølv mord var størst for personar mellom 70 og 79 med 34 prosent fleire sjølv mord i 2020 enn i 2019, men dette var innanfor forventa variasjon (95 % prediksjonsintervall). Sjølv om aukinga i sjølv mord hos eldre ikkje var signifikant, kan det vera verdt å merke seg at ein liknande auke i sjølv mord hos eldre blei observert under SARS epidemien i 2003. Einskilde eldre kan også ha vore særleg sårbare for auka grad av isolasjon og redusert sosial kontakt som følge av pandemien, men dette er noko Dødsårsaksregisteret vil sjå nærare på om ein kan slå fast at det har samanheng med pandemien. Men tala syner likevel større forskjellar mellom kjønna i eldre enn yngre aldersgrupper.

Forsking syner også at angstsymptom hos eldre med depresjon er assosiert med auka risiko for sjølv mord.<sup>8</sup>

## ABC for betre psykisk helse i heile befolkninga

Det australske programmet ABC (**Act-Belong-Commit**) for god psykisk helse er den første universelle innsatsen med formål å fremje befolkninga si psykiske helse, som har vist seg effektiv og mogeleg å implementere.

**Act** – gjer noko aktivt

**Belong** – gjer noko saman

**Commit** – gjer noko meningsfullt

Act-Belong-Commit har vist seg å vere effektiv i å:

- Auke folk sitt medvit om kva ein kan gjere for å ta vare på eiga og andre si psykiske helse
- Få folk til å engasjere seg i aktiviteter som fremjar den psykiske helsa
- Endre haldningar til psykisk helse og psykisk sjukdom
- Redusere stigmatisering av psykisk sjukdom
- Fremje spreiding av ulike lokale psykisk helsefremjande arrangement og lågterskeltiltak.

Vi ønsker oss eit lokalsamfunn i Bjørnafjorden kommune som fremjar god psykisk helse for alle innbyggjarar gjennom gode strukturar for tverrsektorelt samarbeid, tett og god dialog med frivillig innsats, lokale lag og organisasjonar. Vi ønsker eit samfunn der vi bryr oss om kvarandre og der det er høve til å finne støttande fellesskap.

Alle treng gode rammer for eit trygt kvardagsliv, med gode levevanar og god tilgang på sosial støtte. Det vil gjere oss alle betre i stand til å meistre livet i vanskelege fasar og også styrke motstandskrafta i tunge periodar, til dømes for personar som slit med sjølv mordstankar, kan det vere førebyggjande at nokon bryr seg, tørr å spørje korleis vedkommande har det og med det viser omsorg og støtte.

Forsking viser at ABC – modellen har dokumentert effekt på god mental sunnheit i befolkninga og den er enkel å implementere i samfunnsplanlegginga i Bjørnafjorden kommune.

---

<sup>7</sup> <https://www.fhi.no/hn/helseregistre-og-registre/dodsarsaksregisteret/selv-mord-i-dodsarsaksstatistikken/>

<sup>8</sup> [Råd ved selvmordsrisiko - Nasjonalt senter for aldring og helse](#)


## Eksisterende tiltak og nye tiltak

### Mål 1: Systematikk og heilheit i det sjølvmoordsførebyggande arbeidet

Det sjølvmoordsførebyggande arbeidet i Bjørnafjorden kommune skal i tida framover byggje på forskning og kunnskapsoppsummeringar. Vi må gjere meir av det vi veit har effekt. Ulike aktørar i kommunen med ulike roller, både offentlege og private, har i fellesskap ansvar for å bidra i det førebyggande arbeidet.

Regjeringa har utarbeidd mål og gjeve retning for kva innsats som må til på mange ulike område i samfunnet for at førebyggingstiltaka skal oppnå effekt. Føremålet med handlingsplanen er å få betre oversikt og forståing for samanhengar mellom dei ulike tiltaka slik at dei framstår som heilheitlege og integrert i dei øvrige mål- og handlingsplanane i kommunen. Vi vil nytte denne oversikta over eksisterande tiltak som verktøy for prioriteringar framover og peiker samstundes på framlegg til nye tiltak som vil styrke systematikken i det sjølvmoordsførebyggande arbeidet.

For å sikre meir systematikk og heilheit, og felles innsats på tvers av sektorar i det sjølvmoordsførebyggande arbeidet i kommunen, har vi framlegg om å opprette eit tverrfagleg og koordinerande ressursteam, som vil få ansvar for oppfølging av det sjølvmoordsførebyggande arbeidet i Bjørnafjorden kommune. Oppgåva til teamet vil vere oppfølging, gjennomføring og evaluering av sjølvmoordsførebyggande handlingsplan. Teamet skal også halde seg oppdatert på kunnskap innanfor fagområdet og samarbeide med aktuelle nasjonale og regionale kompetansesenter og aktuelle frivillige samarbeidsaktørar.




## Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølv mord

Deling av sjølv mordstankar kan vere livreddande. Det er behov for å auke kunnskapen om sjølv mordstematikk i befolkninga, redusere stigmatisering og å få fleire til å søke hjelp.

Sjølv mord er eit folkehelseproblem, derfor må vi snakke om sjølv mordstankar på ein trygg måte, både i befolkninga og i media. Sjølv om det er aukande åpenheit i samfunnet om temaet sjølv mord, har vi behov for meir kunnskap om korleis vi snakkar om temaet og kva type åpenheit vi veit kan vere sjølv mordsførebyggjande. Det er ein myte at det å snakke om sjølv mord kan oppmuntre til sjølv mord. Å auke openheit kring det å ha det vanskeleg, vere sårbar og det å stille spørsmål om sjølv mordsfare, kan redde liv.

Ulike fysiske og digitale arenaer som skule, arbeidsplass, fritidsarena og sosiale media, kan gje rom for å ta opp temaet sjølv mord. For barn og unge er internett og sosiale media særleg viktig for utvikling og deling av innhald og kommunikasjon med andre. Samtidig ser vi at desse plattformane kan eksponere barn og unge for mogeleg skadeleg innhald. Derfor er det viktig at grupper som jobbar med barn og unge, samt foreldre aukar kompetansen, slik at barn får alderstilpassa informasjon om sjølv mord som tema. Det er også ifølge Regjeringa sin handlingsplan eit behov for å tydeleggjere kva reglar om informasjonsutveksling som gjeld ved mistanke om sjølv mordsfare.

For å unngå smitteeffekt gjennom media sin omtale av sjølv mord, har det blitt innført tiltak for å redusere uhensiktsmessig omtale av sjølv mord i media. Det er viktig å skilje mellom omtale som bryt eller reduserer tabua og mytar om sjølv mord, og omtale som kan auke risiko for sjølv mordsførelse hos den einskilde. Denne problemstillinga er omtala i eigen artikkel om Vær Varsom-plakat, Suicologi - Vol 24 nr. 2/2019. NSSF.<sup>9</sup>



<sup>9</sup> [7622-##default.genres.article##-23981-1-10-20200102.pdf](https://www.7622-##default.genres.article##-23981-1-10-20200102.pdf)

## *Interkommunalt prosjekt «Aldri Alene»*

Bjørnafjorden kommune har inngått avtale om interkommunalt samarbeid med Bergen og Øygarden kommune om sjølvmoedsførebygging, eit prosjekt med tittelen «Aldri Alene». Det er løyvd skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren førebels for 1 år, med mål om at prosjektet skal vare i 3 år. Nye midlar er også innvilga for 2022.

Det første året 2021 har vore konsentrert om 2 hovudpilarar:

### **Pilar 1 – Helsetenestene**

Gjennomførte aktivitetar i 2021:

Pilar 1 har som mål å endre kulturen i helsetenestene gjennom å vektlegge kompetanse om våre innbyggjarar sine behov og utfordringar. På denne måten kan vi styre verksemda mot innsiktsbasert innovasjons - og fornyingsarbeid.

Arbeidsgruppa for Pilar 1 har jobba med å kartlegge elever, føresette og lærarar ved vidaregåande skule i Øygarden kommune om deira kunnskapsnivå om psykisk helse og behov for økt kunnskap og tankar omkring sjølvmoed.

Førebels resultatet syner at fleire enn venta har hatt tankar om sjølvmoed den siste tida/vekene. Undersøkinga syner også at svært mange foreldre, og lærarar etterlyser meir kunnskap og råd om korleis dei skal snakke til barna sine om psykisk helse.

Derfor er det viktig at prosjekt Aldri Alene fokuserar enda meir på dette arbeidet i Pilar 2 i perioden 2022 - 2023.

### **Pilar 2 – Folkehelse**

Gjennomførte aktivitetar i 2021:

Arbeidsgruppa for Pilar 2 har i 2021 hatt som målsetting å bevisstgjere, knuse mytar og skape merksemd blant ungdom rundt psykisk helse forankra i ABC-modellen gjennom gaming/e-sport arrangement.

ABC-modellen er ein evidensbasert metode for å oppnå og vedlikehalde god psykisk helse i befolkninga, og er implementert i regjeringa sin strategi.<sup>10</sup> Å bruke gamingarenaen som ein helsefremmande arena er støtta opp med forskning frå UiB.<sup>11</sup> Prosjektet valde bruk av gaming som mogleg bodskapskanal for å nå ungdom på deira arena. Vestland Fylkeskommune har også vedteke ny strategi<sup>12</sup> for satsing på gaming og e-sport (29.09.2021)<sup>13</sup>.

Forskarar frå Australia og USA har vist til at gaming kan ha positive effektar på mental helse, det er beskreve som «flourishing mental health» (blomstrande mental helse). Gaming kan skape:<sup>14</sup>

- Positive kjensler (lykke, tilfredsheit, glede)
- Engasjement og grenselaus energi

<sup>10</sup> Mestre hele livet (2017-2022)

<sup>11</sup> [Diagnostiserte spillavhengighet, fant kjønnsforskjeller | Tidsskrift for Norsk psykologforening \(psykologtidsskriftet.no\)](#) v/ Turi Reiten Finserås

<sup>12</sup> [ShowDocument \(vlfk.no\)](#)

<sup>13</sup> [Vestland set nasjonal retning for e-sport og gaming - Vestland fylkeskommune](#)

<sup>14</sup> [Frontiers | Gaming well: links between videogames and flourishing mental health | Psychology \(frontiersin.org\)](#)

- Betre personlege relasjonar
- Meiningsfull aktivitet og betre livskvalitet

Prosjektgruppa såg behov for å møte ungdom der dei er og nytta derfor ulike digitale arenaer som Instagram, Facebook og Discord. Etter eit strategisk arbeid har prosjektet erfart at nedslagsfeltet på desse arenaene er stort når ein vil nå ut til ungdom. Prosjektet har også rekruttert tre ungdomsambassadørar som har blitt opplært i ABC-metodikk og har benytta sosiale medier (Facebook/Instagram) for å nå ut med budskap og kunnskap om konkrete tiltak som fremjar god psykisk helse. Eit gamingevent vart gjennomført i haustferien og i romjula 2021 med svært vellukka resultat ved at t.d. 450 ungdommar deltok og 1400 unge følgde arrangementet på stream i haustferie arrangementet. Kommunepsykolog og arbeidsgruppa var tilstades med innslag om psykisk helse. Deltakarane kunne stille spørsmål og få svar.

### Mål for Aldri Alene vidare for perioden 2022 - 2023

1. Spreie budskap og medvit om psykisk helse ytterlegare
2. Utvide ambassadørprogram, legge til rette og samarbeide med frivilligheit i kommunane
3. Treffe foreldre på digitale arenaer og gjere informasjon/kunnskap tilgjengeleg
4. Treffe ungdommar på digitale arenaer ytterlegare
5. Opplæring av foreldre, andre innbyggjarar i korleis snakke om sjølv mord
6. Knuse mytar om einsemd
7. Knuse mytar om sjølv mord på tvers av kommunegrensar

### Mål 3: Avgrensa tilgang til metode for sjølv mord, relatert til Bjørnafjorden kommune

Sikringstiltak kan førebygge impulsive sjølv mord. Ved å avgrense tilgangar, vil impulsive sjølv mord kunna førebyggast ved å bidra til å utsette den akutte impulsen og gje rom for livreddande hjelp. Regjeringa sin handlingsplan peikar på ulike tiltak som vil kan redusere tal sjølv mord over tid. Dette er tiltak som:

- Lage standardiserte kriteria for klassifisering av sjølv mord i trafikken
- Lage oversikt over utsette område for påkøyrslar i jernbanespor og følgje opp med sikringstiltak, også for trikk/T-bane
- Kartlegge tal høgbruer med potensiale for betre sikring
- Lov og forskrift for lagring og oppbevaring av våpen i private heimar
- Alkoholstrategi med tydeleg mål om nedgang i alkoholkonsum
- Avgrense mengde narkotiske og vanedannande legemidlar på papirresept

Arbeidsgruppa har fått tilbakemelding frå Vest politidistrikt v/ Bjørnafjorden politistasjon at det ikkje er føreteke eigen risikoanalyse for om det finst særleg utsette område i kommunen som bør sikrast med tanke på metode for sjølv mord. Det er ingen høge bruer med slik risiko i kommunen vår, truleg heller ikkje andre spesielt utsette område i trafikken som det er mogeleg å førebygge med sikringstiltak. Men dersom det vert planlagt framtidige bruer eller tunnelmunningar må ein vurdere moglegheit for tryggleiksnett/gjerder som kan hindre adgang til stadar som er eigna for å gjennomføre sjølv mord.


Bjørnafjorden politistasjon melder vidare tilbake at dei har låg terskel for å varsle hjelpeapparatet ved bekymring dersom dei kjem i kontakt med personar som syner teikn til sjølv mordsåtferd eller har gjort forsøk på sjølv mord. Politiet formidlar at dei bryr seg om personar som slit og dei tilbyr hjelp med kontakt

til rett instans innan helsetenestene. Politiet har også meir fokus på å inndra våpen frå personar som nyttar rusmidlar eller medisinar som påverkar dømmekrafta. I slike tilfelle kan dei inndra våpenløyve.

Politiet tilbyr samarbeid med kommunen om å legge inn førebyggjande tekster på sine sider i sosiale media. Her ligg også informasjon om kor i hjelpeapparatet personar med sjølvordstankar kan ta kontakt og få hjelp.

Nettpatroljen i Vest og andre nett patruljer i politi Norge, også KRIPOS, har mange ulike tema på sine nettsider i sosiale medier, her i blant også tema som kan førebygge sjølvord.

Natteravnar er eit frivillig tiltak som har som mål å komme i kontakt med personar som oppheld seg ute på kvelds- og nattestid for å kunne tilby kontakt og bidra til tryggleik i aktuelle nærmiljø. Tiltaket kan såleis fange opp personar som av ulike årsaker slit og som vil ha nytte av å bli sett i sårbare situasjonar.



#### Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølvordsrisiko

Det er tre sentrale element ved sjølvordsfare: Vurdering, behandling og vern.

I vurdering av sjølvordsrisiko er fastlegen sentral på kommunalt nivå. Meir enn ein tredjedel av alle som dør i sjølvord har vore i kontakt med fastlegen siste månad før sjølvordet.

Meir enn 80% av alle som dør i sjølvord har vore i kontakt med primærhelsetenesta i løpet av det siste året før sjølvordet.

Desse tala viser at det på kommunalt nivå er eit stort potensiale for å førebygge sjølvord ved å tilby riktige tenester til menneske som er sjølvordstrua.

Helsepersonell kan kartlegge, men det er berre lege og psykolog som kan vurdere sjølvordsrisiko, og evt. sørge for beskyttelse ved å legge brukaren inn i spesialisthelsetenesta for vern og behandling.

## Risikofaktorar

Viktige risikofaktorar for sjølvord kan være knytt til individuelle faktorar og/eller miljø  
Individuelle risikofaktorar: <sup>15</sup>

- Psykiske lidingar
- Rusmiddel
- Tidlegare sjølvordsforsøk eller sjølvskading
- Somatisk sjukdom
- Psykososiale faktorar som langvarig stress, problem med økonomi og liknande
- Belastande livshendingar som tapsoppleving og traume
- Familiehistorie med sjølvord eller sjølvordsåtferd
- Eksponering for fleire faktorar

### Miljørisikofaktorar:

- Tilgang til sjølvordsmidlar som fører til høg dødsrisiko
- Eksponering for negative sosiale faktorar som til dømes mobbing, sosial isolasjon, og arbeidslausheit
- Dramatisk og sensasjonsprega rapportering om sjølvord i massemedia.

Psykiske lidingar er ein godt dokumentert risikofaktor for sjølvord og sjølvordsåtferd. Depresjon, personlegdomsforstyringar, schizofreni og andre psykoselidningar gjev auka risiko. Samtidig rusmisbruk og psykisk lidning aukar sjølvordsrisiko ytterlegare. Ulike behandlingmetodar, både medikamentell behandling og psykologiske tilnærmingar har god effekt på ulike psykiske lidingar.

Sosiale faktorar som arbeidslause, samlivsbrot, karrieretap og liknande gir auka sjølvordsrisiko. Alvorleg sjukdom med dårleg prognose og/eller store smerter, er og forbunde med auka risiko for sjølvord.

Blant eldre er det og høgare sjølvordsrisiko for menn enn for kvinner. Eldre menn brukar og sjølvordsmetodar med høgare dødelegheit enn eldre kvinner. Godt samliv og gode sosiale relasjonar ser ut til å redusere risiko for sjølvord blant eldre og denne samanhengen er sterkare for menn enn for kvinner.

### Sjølvordsåtferd i ulike deler av befolkninga

Det er begrensa kunnskap om sjølvord i ulike delar av befolkninga. Nasjonalt kartleggingssystem for sjølvord i Psykisk helsevern og i Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) vil gje auka kunnskap om sjølvord hos pasientar i desse helsetenestene, Ungdata eller andre spørjeundersøkingar vil kunne gje meir kunnskap om sjølvordstankar og -forsøk blant ungdom.

Kjønn: Det er høgare sjølvordsrate blant menn enn blant kvinner. Dette gjeld alle aldersgruppe, med unntak av dei aller yngste. Fleire kvinner enn menn gjer forsøk på å ta livet sitt, mens menn oftare brukar metodar som resulterer i død.

Alder: Blant barn under 15 år er sjølvord sjeldan, medan i aldersgruppa 15 til 25 år er sjølvord den nest vanlegaste dødsårsaka. Barn i kontakt med barnevernet har ein høgare risiko for sjølvord.

---

<sup>15</sup> [handlingsplan-mot-selvord\\_vedlegg.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Adopterte barn har og noko høgare sjølvmondsrisiko. Det er høgast risiko for internasjonalt adopterte barn. Blant eldre har førekomst av sjølvmond vore stabil gjennom dei siste åra, med unntak av 2018 då det var ein oppgang i tal sjølvmond. Det er og i denne delen av befolkninga fleire menn enn kvinner som dør i sjølvmond.

Nokre befolkningsgrupper har høgare førekomst av sjølvmondsåtfærd: Dette er studentar, personar med funksjonshemmingar, LHBTIQ personar, etterlatne etter sjølvmond, personar med somatiske, psykiske- og ruslidingar, innsette i fengsel, og pengespillavhengige. I den samiske delen av befolkninga, samt militært personell frå internasjonale operasjonar, har ein noko høgare risiko for sjølvmond. I innvandrarbefolkninga er det ein relativt lågare risiko for sjølvmond, mens det er noko høgare førekomst av psykiske plager.

*Regjeringa føreslår kommunale tiltak som er retta mot risikogrupper og som verkar førebyggjande for sjølvmondsåtfærd.*

Rask psykisk helsehjelp er eit lett tilgjengeleg behandlingstilbod som rettar seg mot personar over 16 år, med milde og moderate angst og depresjonslidingar, søvnnvanskar og stress. Dette er basert på kognitiv terapi og rettleia sjølvhjelp. Kartlegging av begynnande rusrelatert problematikk inngår i tilbodet.

Eldre menneske har høgare sjølvmondsrisiko. Førebyggjande heimebesøk hos eldre kan avdekka depresjon og andre psykiske helseplagar, og bidra til auka meistring i eige liv ved å minka einsemd, psykiske og rusrelaterte plager, samt funksjonstap.


Kommunale lågterskeltilbod kan rette seg både mot personar med kjente psykiske og/eller rusrelaterte lidingar og mot personar som ikkje har kjent sjukdom, men som er i livskriser knytt til dømes samlivsbrot eller andre tapsopplevingar. Mange som slit med psykiske eller rusrelaterte lidingar er einsame og manglar tilhøyr. Nokon kjenner seg som ein byrde for andre. Kommunale aktivitets- og dagsentra kan vera eit viktig verkemiddel for å avhjelpa dette. For menneske i livskrise kan lågterskelsamtale/drop in time vera eit førebyggjande tiltak, der sjølvmondsrisiko kan kartleggast. "Time i handa" kan og være eit tiltak der legevakt tildeler tid for samtale med personell i kommunens psykiske helseteneste, også drop-in time hos psykolog og psykisk helsearbeidar. Innbyggjarar kan også be om time via FrontDesk systemet.

Helsepersonell skal bidra til å ivareta barn og unge med informasjon og oppfølging når føresette har sjølvmondsåtfærd. Føremålet med oppfølginga er å kome raskt i gang med støttande prosessar slik at barn og føresette blir i stand til å meistre situasjonen og å førebygge varige problem. Samtidig viser forskning og klinisk erfaring at det er for tilfeldig at desse barna blir følgd opp. Koordinator for barn som pårørande arbeidar for å sikre rutinar og kompetanseheving knytta til dette arbeidet.

